

Sportsdilla

Å hoppa høgt, å byksa langt, å springa fort,
hev alltid vore overmåte stort.

Å gjera kåte sprett som ville hjorten,
og hamna i den øvste æreporten
om spranget er av riktig rette sorten,
det høyrer med til «alle-tiders» sporten.

Å greida trengja seg forbi, og hanga i
med såre bein på sykkel, skøytor, ski,
just slik som no i dag han Skoglands-Peter. —
Han vinn, det er no soleklårt å sjå —
i siste innsputt — på han Torgils Vrå,
med ein - og fyrti svære millimeter.

Ein hogmælt, vill og styrlaus heiagjeng
det er det stødt ein stjerne-sportsmann treng
når fram han stormar over «leikar-valen»

den gullforygte sylv-pokalen

Og, er so rette vinnaren i mål,
der løysest ut ein toresmell av skral.

Men må den «rette» for sin møtmann vike,
det kjennest som ein miste land og rike.

JOHS. M. L. RYDLAND